



Arkivnr: 2014/12457-44

Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		03.06.2014

Driftsstønad til fylkesfemnande barne- og ungdomsorganisasjonar 2014**Samandrag**

Hordaland fylkeskommune fordeler driftstilskot til fylkesfemnande barne- og ungdomsorganisasjonar. Hordaland Barne- og ungdomsråd (HBUR) bidrar til opplysning av saka og forslag til fordeling.

For 2013 er det 1 536 000 kroner til rådvelde. Det var 35 organisasjonar som søkte, der tre organisasjonar ikkje er innstilt på støtte. Retningslinene er uendra frå tidlegare år.

Grunntilskot	20%	317 120	9910 pr. organisasjon
Medlemstilskot	30%	460 943	30 853 tal på medlemmer totalt
Fritt tilskot	50%	757 937	

Forslag til vedtak

Kultur og ressursutvalet vedtek følgjande driftstilskot til fylkesfemnande barne- og ungdomsorganisasjonar, totalt 1 536 000 kroner, etter vedtekne retningsliner - slik:

De unges orkesterforbund Hordaland	46950
Ung i Kor Vest	66310
Hordaland Natur og Ungdom	37890
Hordaland Ungdoms Røde Kors	87800
Hyperion Vest	76020
Bjørgvin Krets av KFUM/KFUK	51410
Haugaland Krets av KFUK/KFUM	28110
Hordaland Krets av NSF	67580
Ryvarden Krets av NSF	33390
CISV	57030
Hordaland Jeger og Fiskeforbund	0
Hordaland Idrettskrets	0
Bergen Turlag	142310

KRFU	32210
Unge Høyre	38180
Unge Venstre	30560
Sos. Ungdom	30190
Midhordland Indremisjon	33530
Bjørgvin KFUK-KFUM	66210
NLM Region Sørvest	22130
Frelsesarmeens Ungdom	32470
Bergen Søndagsskolekrets	47640
Karmsund Søndagskolekrets	48600
ACTA - Barn og Unge i Normisjon	21400
NLM Region Vest	41460
Norsk Misjonsselskap Bjørgvin (NMS - Region Bjørgvin)	13900
Indremisjonssamskipnaden IMS	47720
Nordhordaland Indremisjon	30200
KRIK Hordaland	65520
Hordaland Ungdomslag	50250
Hordaland Krets av Juvente	38680
Juba kretsen	32050
Hordaland 4H	60260
Hordaland Europeisk Ungdom	0
Hordaland Krets av Det frivillige skyttervesen (DFS)	58040
Totalt	1536000

Johnny Stiansen
fungerande fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 08.05.2014

Ansvaret for saksførebuinga ligg til Kultur- og idrettsavdelinga. Hordaland barne- og ungdomsråd (HBUR) bidrar til opplysning av saka i førebuingfasen, jfr. forvaltningslova §17. HBUR har lang erfaring og høg kompetanse på feltet. I sak 12/11 frå møtet 22.02.2011 vart HBUR si rolle framstilt som følgjer:

1. *Søknadar til ordninga vert sendt til fylkeskommunen v/Kultur- og idrettsavdelinga innan 1.mars 2011.*
2. *Kopi av søknadane vert oversendt til HBUR som - innan eigen organisasjon og eigne vedteikter - utgreier og handsamar sakane i samsvar med retningslinjene frå fylkeskommunen. Etter at styre har ferdighandsama sakane vert ei skriftleg innstilling med grunngjeve forslag til fordeling oversendt fylkeskommunen ved Kultur- og idrettsavdelinga. Fylkesrådmannen legg frem saka for Kultur- og ressursutvalet som fattar endeleg vedtak i saka.*
3. *Kultur- og idrettsavdelinga gjennomfører utbetaling av tilskota.*
4. *Kultur- og idrettsavdelinga gjennomfører kontroll med ordninga i samarbeid med HBUR.*

Denne saksgangen vert gjeldande for 2014.

For åra 2011-2013 har administrasjonstilskotet på 10% av tildelinga vore overført som del av driftstilskotet til HBUR. Fylkesrådmannen tilår at 10% av tildelinga vert overført som del av driftstilskotet for 2014.

For 2014 er det 1 536 000 kroner til rådvelde. Retningslinene er uendra frå tidlegare år.

Lokallag eller distriktsorganisasjonar som er tilslutta fylkeslag kjem ikkje inn under ordninga. Det er utarbeidd eiga rettleiing til organisasjonane. Hovudprinsippet er at staten skal stø organisasjonar og tiltak på nasjonalt plan, fylkeskommunane på fylkes- eller regionalt nivå, medan kommunane har ansvaret for lokallag og lokale tiltak.

For å vera kvalifisert til stønad må organisasjonane støtta følgjande grunnkrav:

- Ha lokallag i minst 3 kommunar i Hordaland fylke.
- Ha minst 50 medlemmer totalt i Hordaland fylke, med rett til stønad.

Den totale summen for driftstilskot til frivillige organisasjonar for barn og unge vert delt i følgjande tre "pottar" :

1. Grunntilskot, likt for alle organisasjonar: 20%
2. Hovudstønad, stønad pr. medlem under 26 år: 30%
3. Fri Pott til skjønsmessig fordeling: 50%

For punkt 3. «Fri pott» tilår Fylkesrådmannen at følgjande kriterier vert vektlagt i vurderinga:

- Tal på lokallag
- Aktivitet i organisasjonen
- Organisasjonens opne verksemd overfor ikkje-medlemer
- Samarbeid organisasjonane mellom
- Nytenking
- Kostnader med arrangement.
- Kostnad med å vera medlem
- Eigeninnsats frå styret i organisasjonen og medlemmene (inkl. foreldre/føresette)
- Tal på arrangement - for kven og kva.
- Organisasjonens økonomiske stilling.
- Dokumenterte utgifter til instruktørar etc.

Hordaland barne- og ungdomsråd leverte sitt forslag til fordeling 28.april 2014 til Kultur- og idrettsavdelinga. For 2014 var det 35 organisasjonar som søkte. Søknadene fordeler seg i ulike kategoriar. Det er utarbeidd ein oversikt over desse, men denne inndelinga må berre takast som ein indikator. Nokre av organisasjonane kan plasserast i fleire av kategoriane:

Song og musikk: 2

Humanitære- og fritidsorganisasjonar: 3

Speiderar, leir og friluftsorganisasjonar: 8

Partipolitiske organisasjonar: 4

Livssynsorganisasjonar: 12

Samfunnspolitiske organisasjonar: 6

I vedlegget har fylkesrådmannen gitt ein indikasjon på grunnen tildeling/avslag. Det viktig å ikkje ta kvar enkeltkommentar som ei fyldestgjerande forklaring/grunngjeving for tilsegn/avslag, men som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria og samla søknadsbunke.